



INFOSKRIV- juli 2018

Landbruksvikar

Same pris uansett avstand. Du som bonde betalar berre for tida vi er i fjøset. Køyretid og køyrekostnadar ligg i leigeprisen. Minstefakturering er 2 timar pr oppmøte.

På grunn av at leigeprisane har stått stille i mange år, mens lønn og køyrekostnadar har auka dei åra, så ser vi oss nødt til å auke prisane på leige av landbruksvikar ved ferie/fritid frå 1. august d.å. Kvardag: kr 320,- pr time
Helg: 480,- pr time

På desse åra har og refusjon ferie/fritid auka noko år for år. I år vert maks refusjon auka til kr 78 700,-. Ei auke på 6% frå i fjor.

Kilometergodtgjerdsløse er endra frå kr 4,10 til kr 3,90 pr kilometer. Gjeldande frå 1. juli d.å. Den nye satsen er for ubegrensa kilometer, og ikkje som før der det vart sett ned til kr 3,65 etter 10 000 km.

Sosiale kostnader på utlønning

Vi har kun **9,2%** i påslag, som dekkjer forsikring, pensjon og administrasjon. I tillegg kjem feriepengar 12% og arbeidsgjevaravgift 10,6%. Alle desse kostnadane ligg i refusjonen på ferie og fritid, så de får dei refundert i sin heilhet opp til maksbeløpet du har for refusjon. I tillegg kjem mva 25% som vert ført i rekneskapet på garden.

Telldato

Telldato er 1. oktober. Søknadsfrist for produksjonstilskot og avløyartilskot er 15. oktober. Viktig å søke om avløyartilskot sjølv om ein ikkje har nytta det enno. Etterregistrering er også i år 10. januar neste år.

Vakttelefonen vår er 990 86 137

Dersom du skulle ha bruk for hjelp utanom kontortid, så ring dette nummeret så skal vi hjelpe deg så godt vi kan!

<http://www.ltfolgefonna.no/>

facebook: Landbrukstenester Folgefonna
Instagram: landbrukstenesterfolgefonna

Personvernreglar

Ang. faktura så må ein no logge seg inn på Webtemp for å sjå dei. Dette pga dei nye personvernreglane GDPR.

Gratistilbod til bønder

For å vera best mogleg rusta til å ta oppdrag ved akutte situasjonar, så ønskjer vi å tilby alle bønder som ikkje har hatt landbruksvikar på bruket, eit stell med landbruksvikar ved ledig kapasitet. **Vi ynskjer å gjera ein god jobb for alle bøndene, har du spørsmål så ta kontakt.**

Arbeidsgjevaransvar

Når du leiger inn arbeidskraft gjennom oss, så er forsikringane for yrkesskade og ansvar på plass.

Vi har og moglegheit til å lønna ut på andre oppdrag. Om du driv som entreprenør, er aleine eller har tilsette. Vi har då arbeidsgjevaransvaret, og forsikringar og alle formalitetar er i orden. Samt at du slepp å senda A-melding eller tenkja på å betala arbeidsgjevaravgift eller feriepengar.

Landbruksvikar



Det er tilsett to nye landbruksvikarar i 60% stilling. Det er Stine Berge som har hovedområde på Tysnes-Hatlestrand, og Ingri Øvstebø Helleland som har hovudområde Kvinnherad.

Timelister

Elektronisk registrering bør vera gjort før 1. i mnd. Manuelle bør vera postlagd eller sendt på mail den 1. i mnd